


NORDISKE STUDIER I LEKSIKOGRAFI

Titel: Ivar Aasens kumulative metode og leksikografien

Forfatter: Stephen Walton

Kilde: Nordiske Studier i Leksikografi 7, 2005, s. 348-355
Rapport frå Konferanse om leksikografi i Norden, Volda 20.-24. maj 2003

URL: <http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/nsil/issue/archive>



© Nordisk forening for leksikografi

Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

Søgbarhed

Artiklerne i de ældre Nordiske studier i leksikografi (1-5) er skannet og OCR-behandlet. OCR står for 'optical character recognition' og kan ved tegngenkendelse konvertere et billede til tekst. Dermed kan man søge i teksten. Imidlertid kan der opstå fejl i tegngenkendelsen, og når man søger på fx navne, skal man være forberedt på at søgningen ikke er 100 % pålidelig.

Stephen Walton

Ivar Aasens kumulative metode og leksikografien

The article begins by summarising the work of the Norwegian language-reviver Ivar Aasen (1813-1896). Aasen himself developed the tools with which he systematised the linguistic material he found in the dialects. The author demonstrates how these tools led Aasen to systematise his material both very efficiently, and at an extremely early point in his project of reconstruction. The author shows how Aasen's cumulative method was derived from his material situation. This dictated that Aasen was aware from the very beginning of his journeys of collection of the need to have a tangible result to show for his work.

Grunnen til at Nordisk leksikografisk foreining la konferansen sin til Volda i mai 2003, er naturlegvis Ivar Aasen. Utan arbeidet hans, og dei seinare avleggjarane i form av skuledrift, lærarskule, høgskule, museum og forskingsinstitutt, hadde dei nordiske leksikografane knapt valt å kome til Volda og Ørsta. Når ein har sagt dette, har ein gått inn i den diskursen som framfor alt anna særmerkjer Aasen-resepsjonen, nemleg takksemnda. Her er vi takksame for Aasen. Mest alle dei som har skrive om Aasen eller på anna vis uttala seg om han offentleg, har visst å fortelje kor takksame dei er. Forfattaren Tarjei Vesaas (1897-1970) var enda meir takksam enn dei fleste da han med full rytmissk tyngd forkynte i Aasen-diktet sitt at der er mangan ein som ser seg fritt ikring for Ivar Aasens skuld. Men også i den meir forskingsprega litteraturen, er ein svært takksam. Ein absolutt fornuftig og oppegående ung forskar kunne t.d. skrive for nokre år sidan i innleiinga til ein Aasen-artikkel at med ordbøkene sine skreiv Aasen seg «med gullskrift inn i målsoga og målvitskapen vår» (forskaren skal få lov å vere anonym). Han, den unge mannen, skreiv seg dermed inn i den feirings- og takksemndsjangeren som altså gjennomsyrer Aasen-forskinga. Aasen er så stor, og han gav sitt folk ei eiga røyst å syngje med i det store allheimskoret. Samtidig var han ein pedant, og gjorde sjeldan feil i dokumentasjonen av norsk språktilfang. Korleis kan ein da unngå å vere takksam?

Her vil eg skyte inn, utan å forfølge poenget vidare, at det største problemet med Aasen-forskinga no, er at vi i for liten grad klarer å rive oss laus frå takkseiingssjangeren, kanskje med unntak av dei som har skrive om Aasens lyrikk. Systematiske og underbygde granskningar av Aasens språkarbeid av motmenn og motkvinner er så godt som ikkje-eksisterande, og dette er ein stor veikskap med Aasen-forskinga.

Verksemda til Aasen

Volda ligg på Sunnmøre, og sunnmøringen har næringsvit, noko alle i Noreg veit. Det kan ikkje utelukkast at noko av grunnlaget for den sunnmørske takksemnda overfor Aasen botnar i at det etter kvart er ein heil del menneske her som har Aasen å takke for levebrødet sitt. Også kommunane tener pengar indirekte på livsverket til Aasen, som særleg dei seinaste åra har vore både ei akademisk og ei økonomisk vekstnæring på Søre Sunnmøre. Og når ein har sagt dette, har ein nærma seg Aasen sjølv, som både hadde næringsvit, og som lét næringsvitet prege det språkarbeidet han er mest kjend for.

For dei som ikkje har full oversikt over kva Aasen gjorde, kan det vere nyttig med ei kjapp oppramsing. Aasen var fødd i Hovdebygda i 1813, som yngste barn frå eit lite småbruk. Etter eit par år som omgangsskulelærer kom han i lære hos prost Thoresen i Herøy. Etter to år der var han huslærer hos kaptein Daae i Skodje i fulle sju år, før han i 1842 la ut på den store innsamlingsferda si. I 1841 fór Aasen sør til Bergen med ein grammatikk over sunnmørsmålet og ei plantesamling, og trefte biskop Neumann, som skreiv oppglødd om det unge flogvitet frå Sunnmøre. Neumann sytte for at han fekk stipend hos Fredrik Bugge, preses i Vitskapselskapet i Trondheim. Vinteren 1845-6 budde Aasen i Trondheim, der han fekk lese seg opp på det siste innanfor den nye samanliknande målvitskapan. Under heile ferda hadde han arbeidd med å systematisere det innsamla materialet, slik at han alt i 1847 kunne skrive ferdig *Det norske Folkesprogs Grammatik*, den første og deskriptive utgåva av hans norske grammatikk. Boka skulle trykkjast i Christiania, og for å lette arbeidet med korrekturlesinga, flytte Aasen dit. Grammatikken kom i 1848. Det vi med ein del atterhald kan kalle ei deskriptiv ordbok, *Ordbog over det norske Folkesprog*, kom to år seinare. I mellomtida hadde Aasen offentleggjort sitt første forsøk på å skrive normalnynorsk, det språket som heile tida var det endelege siktemålet hans med språkarbeidet.

Det nye skriftspråket vart til ved at Aasen – som den første – skreiv det. Alt i 1842-3 hadde han gitt ut dialektdikting her på Sunnmøre, i eit opplag på ikkje mindre enn 2000, og fekk klare tilbakemeldingar om korleis sunnmøringane hadde lært dikta hans utanboks, og sunge dei. Fram på 1850-talet gav Aasen ut dikt på nynorsk, og i 1863 kom visesamlinga *Symra*, som visseleg lærte folk å verte kjende med Aasen-målet. Ti år tidlegare, altså i 1853, hadde Aasen gitt ut den første boka på nynorsk, med ei samling dialekttekstar som synte samanhengen mellom det nye skriftmålet og talemålet i landet, ein samanheng som skulle bli til berebjelken i norsk språknormering i det heile. I 1858 slo den nynorske sakprosaen igjennom med *Dølen*-prosjektet til forfattaren Aasmund O. Vinje (1858-1870), der Aasen både skreiv og var målrettar for redaktøren. Aasen skreiv det første nynorske skodespelet i 1855, kalkert over Holbergs første danske skodespel. Han gav ut ei samling med ordtøke i 1856, sterkt revidert og omdisponert i 1881. Den andre, normative, utgåva av grammatikken kom i 1864, og av ordboka i 1873. Utover 1870-åra arbeidde Aasen mykje med terminologi og oppnorsking av leksikonet, eit arbeid som resulterte i ei lita allkunnebok for bygdeungdomen i 1875 og i ei synonymordbok året etter, båe desse ledd i det same terminologiprojektet. Aasen skreiv ferdig ei dansk-norsk ordbok i 1883, ein tekst som utruleg nok først vart utgitt i 2000. Seinare på 1880-talet arbeidde Aasen mykje som konsulent for den nynorske bibelomsetjinga, og emna på ei språkhistorie. Etter 1890 var han lite arbeidsfær, og han døydd i 1896. Gravferda var ei nasjonal storhending, som synte at Aasens posisjon i allmenta var grunnfesta.

Denne oversikta over Aasens verk er langt frå uttømande, og er berre meint å gi ein kontekst. No vil eg gå tilbake til utgangspunktet og prøve å demonstrere korleis Aasens før omtalte næringsvit, hans materielle situasjon, for å seie det meir vitskapeleg-abstraherande, verka inn på forskingsresultata hans, særleg da i høve til det leksikografiske arbeidet.

Aasen og leksikografien

Den første gongen vi høyrer frå Aasen om at han har reflektert over behovet for ei norsk ordbok, er i det programmatisk essayet «Om vort Skriftsprog» frå 1836. I målreisingsplanen i femte bolken i «Om vort Skriftsprog», gjer Aasen framlegg om at det burde

gjøres Ordsamlinger for enhver af Landets større Provindser, med grammatikalske Oplysninger og bestemte Ordforklaringer. Til at forfatte disse, skulde Mænd, som ei blot troede at kunne, men og virkelig kunde Almuesproget, opmuntres. Disse Ordsamlinger skulde indsendes til et Selskab, oprettet af sprogkyndige Mænd, som skulde anstille Sammenligninger og gjøre Udvalg, og efterat saaledes Hovedsproget var bestemt, skulde dette Selskab udarbejde en fuldstændig norske [sic] Ordbog, med tilsvarende Grammatik (1911-12:III:10-11).

Vi kan hefte oss ved tre poeng i dette tekststykket. For det første er det heilt tydeleg at Aasen sjølv alt på dette tidspunktet – han var 22 år gammal – kunne tenkje seg å gjennomføre det språklege rekonstruksjonsarbeidet som skulle føre fram til eit nytt norsk normalskriftmål. For det andre ser vi tydeleg at Aasen alt har ei førestilling om at dialektane er epifenomen. Dei er overflatemanifestasjonar av eit underliggjande språkleg diasystem som vil verte fullt synleg når dei dialektale epifenomena vert kartlagde noggrant og samanlikna, den eine med den andre. For det tredje skin det igjennom at Aasen alt før han hadde fått lese Grimm, såg på ordboka som det primære og grammatiken som det subsidiære ved prosjektet. Aasen var leksikograf av legning og grammatikar av nødvendigeheit. Dette er ikkje noko stort poeng, men eg reknar med at det vil glede medlemene i Nordisk leksikografisk foreining i særskild grad.

Året etter, i 1837, gjekk Aasen i gang med å undersøkje allmugemålet på Sunnmøre, og da fortel han i ei liste over sine prosjekt det året at han både hadde teke til å systematisere grammatikken i dialekten, og at han hadde begynt på ei «Prøve paa Indretningen af en dertil hørende Ordbog» (1957-60:III:19). Da Aasen i 1841 steig inn hos Bergens-bispen, hadde han med seg eit «Fragment af en Ordbog i Dialekten», ein tekst som også finst i ein lengre versjon frå 1840. 1840-fragmentet dekkjer heile bokstav *A*- (med *Aa*-) og *B*, og står å lese i band A2 i den praktfulle serien med Aasens målsamlingar redigert av Terje Aarset, Jarle Bondevik og Oddvar Nes. Elles finst det mange prov frå 1832 og framover på at Aasen samla på og systematiserte ord frå både skriftlege kjelder og munnleg frå informantar. Dei eldste opp-teikningane gjeld plantevekstar, seinare skreiv han opp lange lister med dyreartar, dyrelydar, pengeslag – stort sett kva som helst, berre det kunne systematiserast, både frå dialekten og frå skriftmålet. Dei eldste listene med plantenamn gav Aasen god intellektuell trening på iallfall to måtar. Dei er ordna etter Linnés system og gav han såleis tidleg innsyn i korleis det å stille opp fenomen i systematiske rekkjer kan uttrykkje forholdet mellom dei. For det andre fekk Aasen brukt interessa for systematisk språkleg samanlikning. Det finst altså lister der namna er sette opp med dialektnamnet, det danske skriftmålsnamnet (der det fanst) og det latinske systematiske namnet.

Innsamlingsteknikkar

Dette at Aasen samla inn ord i tematisk avgrensa semantiske rekkjer, er éi side ved det vi kan kalle den ekstreme rasjonaliteten i innsamlingsteknikkane hans. Å samle ord, ofte termar, og lagre dei i eit oppsett som avspegla plassen deira på eit tematisk felt, bana vegen for arbeidet med terminologien frå tidleg 1850-tal og framover. Den faktiske tilstanden i eit språk var vel den største utfordringa for alle reisarane av nye skriftmål under moderniteten. Ein måtte for det første skaffe seg ei oversikt over kva felt språket hadde eit godt utbygt uttrykkspotensiale på, for så i neste omgang å tette att hola på felt som var dårleg utbygde. Dei største og styggaste hola låg jamnast på nye kunnskaps- og røynslefelt innanfor domene som alt var okkuperte av eitt eller fleire andre skriftmål. Aasen byrja på dette arbeidet i samband med

Prøver af Landsmaalet i Norge i 1853, og heldt fram med det så lenge han var arbeidsfør. Arbeidet med allkunneboka *Heimsyn*, og sjølv sagt med synonymikken *Norsk Maalbunad*, og jamvel med bibelspråket er merkt av eit terminologiarbeid som i stor grad gjekk ut på omsettjing.

Vi kan sjå på Aasens ekstremt rasjonelle innsamlingsteknikkar i eit anna perspektiv med, altså korleis han lagra fonemsekvensar i form av skrifteikn og ord, eller leksem. For å eksemplifisere metoden kan vi sjå på «Tabeller over eenslydende Ord til Brug ved Sprogundersøgelser» frå 1843, altså frå tidleg i innsamlingsarbeidet på langferda, som Aasen la ut på den 29. september 1842. «Tabeller [osb.]» er eit slite lite hefte på 8 x 13 cm. med 44 sider. Det inneheld alle dei bokstavkombinasjonane Aasen hadde funne i språket, ordna etter etterlyd. Han kunne registrere nye ord ved å plote inn framlydar etter kvart som han kom over dei. Å døme etter tilstanden på heftet har det vore svært mykje brukt. Vi veit også at Aasen svært raskt gjekk over frå passiv observasjon av informantar i uformelle situasjonar til å spørje folk ut om språkbruken deira. Ein kan lett sjå korleis «Tabeller» eigna seg til rask innhenting av opplysningar i samband med denne metoden. Aasen var tydelegvis sjølv svært nøgd med den utteljinga han fekk av systemet sitt, sidan han laga ein ny og auka versjon av «Tabeller» i 1850 (sjå Walton 1996:322-323).

Aasens kumulative metode

Der er eit tredje og siste trekk ved Aasens rasjonelle innsamlingsteknikkar som eg vil framheve her, og det er det eg tidlegare har kalla hans «kumulative metode». For å illustrere kva eg meiner med dét, kan vi vende tilbake til byrjinga av 1840-talet.

Aasen hadde altså i september 1842 fått stipend frå Vitskapselskapet for å granske målføra i Bergens stift, dvs. det noverande Sunnmøre, Sogn og Fjordane og Hordaland. Knappt ein månad etter avreise frå Volda finn vi han på Sogndalsfjøra, og der skriv han at han har begynt på ei ordbok over språket i den nordlegaste delen av Bergens stift (1957-60:III:128). Aasen vart ferdig med denne ordboka i januar 1843. I mars same året kunne han fortelje Vitskapselskapet i halvårsmeldinga si at boka inneheldt om lag 9000 ord og talemåtar. Ord som var like formene i skriftmålet, avleiingar og samansetningar, vart for det meste utelatne. Det er denne ordboka, oftast heilt kort kalla «sunnmørsordboka», som danna grunnlaget for Aasens seinare leksikalske innsamlingar. Ho blir til det faste referansepunktet for det som kjem etter, slik at når Aasen i april 1843 set saman sine «Oplysninger om det sognske Almuesprog», da legg han til ei liste med sognske ord som «enten ikke forekomme i det Søndfjordske og Søndmørske, eller som have en eller annen mærkelig Egenskab» (sit. i Walton 1996:338). Det «nye» hos Aasen er alltid det som er nytt i høve til det sist systematiserte tilfanget.

Aasen fekk eit ufrivillig langt opphald på lensmannsgarden i Litlebergen i Nordhordland frå juni 1843 til mars 1844, da stipendpengane ikkje kom som avtala. Jamvel om han uroa seg over kva grunnen kunne vere, brukte han tida godt, m.a. til å systematisere det tilfanget han hadde samla så langt, dvs. i all hovudsak stoff frå Sunnmøre og Sogn. Nordfjord og Sunnfjord hadde han reist raskt igjennom, og i Nordhordland fann han ikkje stort. Hausten 1844 arbeidde Aasen med ei «Ordbog over Almuesproget i Bergens Stift». Denne teksten er eit nybrotsarbeid (jf. Bondevik 1995:xxxiii), og vart skriven da Aasen var komen over på neste dialektområde (og eit nytt stift), på Jæren. Denne forskyvinga vart no karakteristisk for arbeidsmåten. Stiftsordboka har eit meir formfullendt oppsett enn dei tidlegare ordsaml-

ingane, og peikar tydeleg fram mot *Ordbog over det norske Folkesprog*. Teksten (som står i *Målsamlingar frå Bergens Stift* s. 219-239, band A3) dekkjer bokstav *a* frå *a* til *Atte-lit*. Jarle Bondevik har jamført materialet i stiftsordboka med tilsvarande bolk i *Ordbog over det norske Folkesprog*, og funne at det auka med om lag 60% frå 1844 til 1850 (Bondevik 1995:xxxiii). Aasen hadde enno berre reke over ein liten del av landet.

Spørsmålet er korfor Aasen stadig systematiserte det innsamla stoffet etter kvart, og jamvel på eit svært tidleg stadium.

Det enklaste svaret er sjølv sagt at den kumulative metoden var ein praktisk måte å ordne eit enormt omfangsrikt og potensielt sprikjande stoff på. Reint fysisk hadde Aasen dårleg høve på langferda til å lagre notat, og det han skreiv opp, måtte han bere med seg. Ein enkel måte å få ned kilovekta på, var å destillere oppteikningane til gjennomsystematiserte grammatikkar og ordbøker snarast.

Eit anna delsvar kan vere at metoden låg innbakt i Aasens utgangspunkt for innsamlingsarbeidet, altså at dialektane kunne forståast som epifenomen over eit underliggjande diasystem. Inne i førestillinga om at det fanst eit felles norsk språk – ingen heilt original idé i Aasens samtid – låg det implisitt ein påstand om at det meste måtte vere felles. Det som ikkje var felles, fall per definisjon utanfor førestillinga om det felles norske språket, og eit eksempel på dét er det bytalemålet som i praksis var meir eller mindre oppnorska dansk. Dersom det meste for dei norske dialektane var felles, og dialektane var epifenomen, sa det seg sjølv at det meste dermed også måtte kunne finnast i kvar einskild dialekt. Slik sett var det naturleg at Aasen faktisk også fann det meste i dei første dialektane han granska, det vil seie hans eigen og dei andre i Bergens stift.

Tanken om at Aasens metode var kumulativ, inneber at dei første dialektane han systematiserte på grunnlag av, fekk aukande verknad etter kvart, på den måten at dei fungerte normgivande for eit stadig større område og for stadig fleire dialektar. Ein kan elles førestille seg at dette med det normative ikkje er så viktig i høve til Aasens leksikografiske arbeid, iallfall ikkje i høve til den første utgåva frå 1850, som skulle vere deskriptiv og ikkje normativ. Dette er likevel feil. *Ordbog over det norske Folkesprog* er deskriptiv på den måten at Aasen der ikkje rekonstruerte former han aldri hadde høyr, men det ligg i leksikografiens natur at jamvel tilsynelatande deskriptive tekstar likevel kan oppvise ein sterkt normativ systematikk. Den gjer seg gjeldande t.d. i kva rekkjefølgje oppslagsformene er stilte opp i, eller i kva former som heilt enkelt er utelatne frå ordboka.

I arbeidsinstruksen som Aasen fekk frå preses Fredrik Bugge ved Vitskapselskapet (dagsett den 26. august 1842), fekk Aasen velje fritt mellom to alternative arbeidsmåtar med ordboka. Det første alternativet gjekk ut på at han skulle lage eit særskilt leksikon for kvart målføre, og ordne desse i prioritert rekkjefølgje, slik at det gjæveste målet kom først, og andre målføre vart førte opp med former som veik av frå formene i det første. Det andre alternativet var «een for de behandlede Dialekter fælleds Ordbog» (sit. i Walton 1996:77). Når Aasens eigen plan gjekk ut på å skape eit nytt landsgyldig fellesnormalmål, sa det seg sjølv at han valde alternativ to.

Ein detalj ein likevel ikkje må gløyme, er at mens Aasen iallfall frå 1836 gjekk med planar om eit nytt normalmål for heile landet, hadde Bugge i tankane nettopp ei felles ordbok for dei dialektane Aasen skulle handsame. Dette vart i praksis det same, men det kunne lett ha vorte to ulike ordbøker, t.d. dersom Aasen ikkje hadde fått tilsegn om å utvide granskingsarbeidet til områda utanfor Bergens stift. Vi veit også at i utgangspunktet var Bugge overtydd om kor dei gjæveste målføra fanst, og det var nettopp i Bergens stift. Det er heilt klart at det var

Bugge som la inn denne avgrensinga, og Aasen hadde i første omgang ikkje anna å gjere enn å følgje Bugges plan.

Med dette er vi framme ved dei materielle faktorane.

Dei materielle faktorane

Aasens materielle situasjon var svært usikker. Han hadde evner langt utover den plassen ein frå hans stand kunne håpe på å disponere i det norske samfunnet i første halvdel av 1800-talet. I den skrivande og lesande bondeoffentlegheita på Søre Sunnmøre var han blitt mentalt sosialisert inn i skriftlivet utan at det dermed var sagt han kunne ha rimeleg von om å leve ut denne sosialiseringa. I denne spenninga finn vi truleg opphavet til Aasens sterke sosiale oppdrift. Etter sju år som huslærer var han ein desperat mann, og var villig til å gjere kva som helst for å kome seg vekk – og opp. Det kan ikkje vere tvil om at dersom biskop Neumann i 1841 hadde vorte like oppglødd for plantesamlinga som han vart for sunnmørsgrammatikken, da hadde Aasen vorte botanikar. Det Aasen iallfall skjønnte da han la ut på langferda, var at det var om å gjere å ha eit produkt å vise fram. Utan det, da var det attende til ein huslærarpost, eller det som verre var. Og når han i utgangspunktet hadde fått i oppdrag å skildre målføra i Bergens stift, da var det aller mest om å gjere å ha ei samla skildring av nett desse dialektane å leggje fram. Under den lange og vonde perioden i Litlebergen – sekretæren i Vitskapsselskapet, Schwach, hadde somla med utbetalinga av stipendet – vart Aasen livande redd for at han hadde falle i unåde, og at karrieren hans som forskar kom til å verte kortvarig. Denne redsla, som la seg oppå eit tjukt lag med andre angstnevrosar, skua fram trongen til å få ting ferdige, jamvel i ei mellombels form. Såleis kom redsla for deklassering til å spele ei sentral rolle i utforminga av Aasens språkarbeid.

Aasens kumulative metode viste seg å tene alle siktemåla hans. Stadfestinga av dette finn vi i eit lengre resonnerande stykke av Aasen, «Om en Ordbog over det norske Almuesprog samt en dertil hørende Grammatik», som han skreiv i 1845 og som vart utgitt av Vitskapsselskapet året etter. Der stig elles Aasen fram for allmenta for første gong med fornamnet *Ivar*. Som ein ser av reiseruta til Aasen, hadde han langt frå dekt heile landet, men, i tråd med den kumulative metoden, var det vesentlegaste funne. «Rigtignok ere disse Undersøgelser ikke endnu tilendedragte [sic]», skriv han i «Om en Ordbog»,

men Arbeidet er imidlertid saavidt fremadskredet, at man kan have en temmelig omfattende Oversigt af Sagen, og at man herefter vil have mere at gjøre med at bearbejde det samlede Stof, end med at forøge samme ved nye Samlinger (Aasen 1846:55).

Arnold Dalen har nyleg (2000) undersøkt kor tungt ordsamlingane frå tida etter vinteren 1845-6 vog hos Aasen, altså samlingane frå Trøndelag, Nord-Noreg og Østerdalen. Konklusjonen til Dalen er i tråd med det Aasen fortel oss, altså at han vurderte dei som relativt «ordfattige», og endra ikkje syn på dette.

Aasens syn på ordtilfanget i norske målføre var sterkt kvalitativt, eller kvalifiserande. Vi kan følgje tenkjesettet hans nonggrant i «Om en Ordbog». I motsetning til det gjengse synet på norsk som utarta dansk, slår han fast at det tvert imot er eit «gammelt og ægte Sprog» (1846:57) med eit eige underliggjande system. Det som ikkje høver inn under systemet, er ikkje norsk. Nokre dialektar er betre enn andre, dvs. dei gjer meir av systemet synleg enn

andre, men ingen einiskild dialekt har monopol på kvalitet på alle aktuelle område, så som det han kallar «Ordforraadets Rigdom» (57, best utvikla på kvar side av langfjella, særleg i Gudbrandsdalen) og formverket, der Voss og Hardanger merkjer seg ut.

Når Aasen skal vise fram eit heilt, gammalt og ekte språk, er det ikkje noko aktuelt alternativ å lage eit glossarium eller ordliste med berre sæmnorske ord. Da ville språket kor som er framstå som variant av eit anna språk. På den andre sida møtte Aasen seg sjølv i døra da han skulle realisere ambisjonane om å framstille heile språket, fordi det ikkje var heile talemålet som passa inn i definisjonen hans av språket, forstått som det underliggjande norske diasystemet.

Slik gjekk det til at vi fekk den sæmnorske delinga mellom «språket» på den eine sida og «talemålet» på hi som to ikkje heilt kongruente storleikar. I «Om en Ordbog» ser Aasen seg nøydd til å lage ei avgrensing mellom (det implisitte) kulturfenomenet språk og (det implisitte naturfenomenet) talemålet, som kunne innehalde iallfall tre kategoriar med ord som ikkje fortente å få innpass i ordboka. Aasen kallar desse for «unorske» ord (som han eksemplifiserer med *Anstalt*, *anstændig*, *bedrøve* og *erstatte*), «overflødige» ord og «slette» ord, og på moralsk grunnlag sensurerer han vekk eider og skjellsord. Aasens definisjon av dei fullkomnaste ordformene er velkjend, men toler å bli teken opp att her. Det var slike former som «stemmer mest overeens med de beslægtede Ord, med andre ord af samme Slags, og med Formerne i det gamle Sprog» (68). Denne rekkjefølgja innber ei klar prioritering, som Aasen elles her greier ut om. Samtidig er han klar over at det stundom kan vere eit problem at «den fuldkomneste Form [findes] kun i meget faa Dialekter, og deels maa den overalt ansees som forældet» (65

Kva ser vi her? Jo, på den eine sida ser vi opphavet til det som vel har vore det største problemet i normeringa av nynorsken, nemleg ei grunnleggjande sjølvmotseiing eller iallfall ei sterk spenning. Frå Aasen og framover har nynorsken legitimert seg ut frå ei sjølvforståing som ei meir talemålsnær og dermed (i norsk språk- og allmennideologi) ei meir demokratisk målform enn riksmål ev. bokmål. Samtidig har ein tabuisert delar av det talemålet som nynorsken på demokratisk vis skal framstille. Det er interessant å sjå at dette problemet gjorde seg gjeldande allereie før Aasen hadde gitt ut dei første, presumptivt deskriptive språkverka sine. Samtidig er dette problemet framleis med oss, heilt fram til det nyaste normeringsordskiftet (jf. Sandøy 1998).

På den andre sida ser vi at det grunnleggjande problemet i høve til ordtilfanget i den nynorske skriftnormalen skriv seg tilbake til Aasens kumulative metode, der dei første ovringane av diasystemet fekk aukande verknad etter kvart. Dette framstår såleis som eit interessant døme på korleis dei materielle arbeidsvilkåra til ein leksikograf kan verka inn på resultatet av arbeidet hennar eller – i dette tilfellet – hans.

Litteratur

- Bondevik, Jarle. 1995: Innleiing, *Målsamlingar frå Bergens Stift av Ivar Aasen*, red. Jarle Bondevik, Oddvar Nes og Terje Aarset, Bergen, ix-xxxvii
- Dalen, Arnold. 2000: Nokre leksikologiske synspunkt på Ivar Aasens målsamlingar, *Ord om ord*, VI, 70-75
- Sandøy, Helge. 1998: Tradisjon eller brott i nynorsk ordtilfang?, *Ordtilfanget i nynorsk – synsmåtar og røynsler*, red. Jan Terje Faarlund, Oslo, 39-48

- Walton, Stephen J. 1996: *Ivar Aasens kropp*, Oslo
- Aasen, Ivar. 1846-47: Om en Ordbog over det norske Almuesprog samt en dertil hørende Grammatik, *Det Kongelige Norske Videnskabers-Selskabs Skrifter i det 19de Aarhundrede*, Trh., IV, 55-96
- 1848: *Det norske Folkesprogs Grammatik*, Chra.
 - 1850: *Ordbog over det norske Folkesprog*, Chra.
 - 1911-12: *Skrifter i samling*, red. Knut Liestøl, Kra./Kbh., I-III
 - 1957-60: *Brev og dagbøger*, red. Reidar Djupedal, Oslo, I-III
 - 1994: *Målsamlingar frå Sunnmøre*, red. Jarle Bondevik, Oddvar Nes og Terje Aarset, Bergen
 - 2000: *Dansk-norsk ordbog [sic] av Ivar Aasen*, red. Jarle Bondevik, Oddvar Nes og Terje Aarset, Bergen